Utdanningsval avdeling helse- og oppvekstfag haust 2026

Tysdag 20. oktober kl 0900-1500

Tal hospitantar: 65 stk. Elevane vert delt inn i 4 grupper

Oppmøte i hjarterommet. Elevane vert henta, følgt opp i 2. etg og vert delt inn i fire grupper.

Tidspunkt:	**Vg2 Helsearbeidarfag**	**Vg2 Barne- og ungdoms arbeidarfag**	**Vg2 Helseservicefag**	**Vg2 Ambulansefag**
09.00 – 10.15	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4
10.15 – 11.30	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 1
11.30 – 12. 15				
12.15 – 13.30	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 1	Gruppe 2
13.30 – 14.45	Gruppe 4	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3
14.45 – 15.00	Avslutting	Avslutting	Avslutting	Avslutting

NB! Dei 15 siste minutta på dagen tar vi en oppsummering i gruppa. Korleis har dagen vore?

Opplegg på Vg2 Barne- og ungdomsarbeidar (BUA):

Hospitantane får presentasjon av linje. Vi har fokus på innhald og moglegheiter, samt kva for eigenskapar ein bør ha for å gå på denne linja. Etter det blir elevane delt opp i to ulike grupper. Vi har kalla desse gruppene for «Leik/aktivitet» samt «Forming» der tema er Halloween. Til slutt vil vi ha ein kahoot med tema som er relevant for barn og unge.

Opplegg for Vg2 Helsefagarbeidar (HEAA)

Presentasjon om Helsefagarbeiderlinja felles
Så deler vi gruppa i to. Ei gruppe tek for seg kva puls er og pulsmåling i kvile og aktivitet.Den andre har fokus på handhygiene der ein kan bruke lys for å sjå forureining, effekt av handhygiene.

Opplegg for Vg2 Helseservicefag (HESA)

15 min: Felles presentasjon i klassserommet A229 om helseservicelinja og helseserviceyrka.

45 min: 3 stasjonar à 15 min:

- Blodsukker- og hemoglobinmåling (på lab)
- Blodtrykksmåling (på grupperom)
- På- og avkledning av smittevernutstyr (i klasserom A 229)

15 min: Felles elevaktivitetar i klasserommet A229 (kahoot / kryssord /spørsmål e.l.) Vi skal også lage ei utstilling i klasserommet som hospitantane kan sjå på ved ledige høve.

Opplegg for Vg2 Ambulansefag (AMBA)

Heile gruppa får ein presentasjon av linja, faga, eigenskapar ein bør ha, fysiske krav mm. Elevane har her laga ein presentasjon. Ca 15 min

Etterpå deler vi gruppa i to på to poster.

Post 1 vert eit innblikk i ambulansen (det vil vere ein ambulanse stasjonert ved skulen) der elevane får demonstrert forskjellig utstyr.

Post 2 vert demonstrasjon av diverse utstyr der elevar får prøve ut sjølve eller vere markørar. Tema er bruk av forflytningsutstyr